

# KORONAPLAN - VOSS GYMNAS

## GRØNT NIVÅ

*På Voss gymnas har alle eit ansvar for å bidra til at ein reduserer faren for smittespreiing. Vår framferd kviler på tre hovudprinsipp:*

1. Sjuke personar skal ikkje møte på skulen
2. God hygiene
3. Unngå unødig fysisk kontakt

## GENERELT

- Unngå unødig fysisk kontakt med andre
- Når du kjem på skulen skal du sprite hendene.
- Ved nysing/hosting – bruk papirlommetørkle/ olbogekroken. Kast brukte papirlommetørkle i avfallsstasjon etter bruk. Sprit/vask hender etterpå
- Vask hender før og etter måltid



## FRÅVÆR OG OPPMØTE PÅ SKULEN

- Ingen sjuke skal møte på skulen. Det gjeld òg ved milde luftvegssymptom eller om du føler deg berre litt sjuk. Då skal du ikkje møte på skulen, uansett. Du kan kome på

skulen igjen om du har testa negativt og kjenner deg frisk og feberfri.

- Dersom du har påvist Covid-19 skal du vere i isolasjon så lenge legen pålegg deg det
- Dersom nokon du bur saman med er smitta av Covid-19, skal du ikkje møte på skulen. Lege avgjer kor lenge du skal vera i karantene

## **I KLASSEROMMET**

- Elevar held seg til sin pult, sine skulesaker, skulebøker og PC.

## **KANTINE**

- Ein spritar seg inn og ut av kantina
- Kantina er open til skulefrukost før fyrste time, i fyrste friminutt og i lunsjpausen
- Stolar og bord skal ikkje flyttast på
- Avfall skal framleis i miljøstasjonane og sorterast iht fraksjonane

## **GARDEROBAR, KROPPSØVING OG IDRETTSFAG**

- Ein klasse skal berre gjere nytte av dei garderobane som er sett opp at ein skal bruke. Sjå oversikt ved inngang til garderobane
- Alle skal sprite hender grundig før dei går i garderoben

## **SJUKDOM PÅ SKULEN**

- Elevar og tilsette som får symptom på luftvegsinfeksjon i løpet av dagen reiser heim/hybel